



## Notat

Dato: 16.08.2017  
Arkivsak: 2017/2652-2  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesordføraren

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Idrettslinje knytt til yrkesfag

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag i fylkestinget sitt møte 7. mars 2017:

«Fylkestinget ber utval for opplæring og helse om å sjå på moglegheita for å utgreie ei idrettslinje knytt til yrkesfag.»

Allereie hausten 2009 vart det oppretta eit skuletilbod innan toppidrett for elevar ved yrkesfaglege utdanningsprogram ved Åsane videregående skole.

Tilbodet er retta mot dei beste og mest talentfulle unge idrettsutøvarane i Hordaland som ønskjer ei yrkesretta opplæring. Hordaland var det første fylket som etablerte eit slikt tilbod.

Tilbodet er organisert i samarbeid mellom Åsane vgs og Tertnes vgs. Elevane får sitt yrkesfaglege tilbod ved Åsane vgs og idrettstilbodet gjennom Tertnes vgs. Skuleåret 2017/18 er det fem elevar som får dette tilbodet.

Åsane videregående skole flyttar inn i nytt skulebygg hausten 2020. Det vil vere naturleg å vurdere ei eventuell utvida satsing på toppidrett saman med det nye skuletilbodet.